VOSS HERAD 2020–2032

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

PLANOMTALE

Revidert 17.09.20

bygd for sterke opplevingar

1. INNLEIING 3
1.1 Bakgrunn 3
1.2 Mål for planen 3
1.3 Folketalsutvikling og bustadutvikling 4
2. VIKTIGE FØRINGAR FOR UTVIKLING 5
2.1 Nasjonale forventningar og overordna føringar 5
2.2 Regionale planar 5
2.3 Arealstrategi og viktige tema 6
2.4 Sterkt regionssenter – attraktive senter – levande bygder 7
2.5 Strategi for bustadutvikling 9
2.6 Strategi for handel 10
2.7 Flaumprosjekt og ny veg/bane 11
3 SAMFUNNSUTVIKLING OG NÆRINGSLIV 11
3.1 Næringsliv, innovasjon og utvikling 11
3.2 Tunnelmassar og framtidig arealbruk 12
4 MINERALRESSURAR 13
4.1 Lausmasser 13
4.2 Naturstein / skifer 13
4.3 Mellomlager og massebehov 13
5 NATUR, KULTURMINNE, FRILUFTLIV OG FOLKEHELSE 14
5.1 Naturforvaltning og biologisk mangfald 14
5.2 Vassdrag 15
5.3 Friluftsliv og folkehelse 15
5.4 Kulturminne 15
6 KLIMATILPASSING, RISIKO OG SÅRBARHET 15
6.1 Klimaendringar 15
6.2 Klimatilpassing 16
6.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse 16
7 PLANFORSLAGET – NY AREALBRUK 16
7.1 Bustader 16
7.2 Fritidsbustader 17
7.3 Offentleg/privat tenesteyting 18
7.4 Fritids- og turistføremål 18
7.5 Råstoffutvinning 18
7.6 Næring 18
7.7 Idrettsanlegg 19
7.8 Anna bygningar og anlegg 20
7.9 Parkering 20
7.10 Grøntstruktur 20
7.11 Omsynssoner 20
8 OVERORDNA KONSEKVENSVURDERING 21
9 PLANDOKUMENTA 23

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman kommunane Voss og Granvin. Arbeidet med å etablera ein ny kommune starta sommaren 2017 – med mål om å etablera nye Voss herad 1.1.2020. I april 2018 vart krinsane Djønno og Tjoflot i Ullensvang herad, ein del av den nye kommunen gjennom ei grensejustering. Den nye kommunen har 15.678 innbyggjarar (pr.2. kvartal 2019), og med eit samla areal på 2100 kvadratkilometer vert Voss nest største kommunen i fylket.

Fellesnemnda for den nye kommunen bestemte i 2017 at det skulle utarbeidast ein kommuneplan for Voss herad. Arbeidet med dette starta 1.11.2017.

Kommuneplanen sin arealdel viser noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. PBL § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningsliner som er retningsgjevande for sakshandsaminga i kommunen. Føresegner og retningsliner er sett opp samla for kvart arealføremål.

Planprosess

Det vart varsla oppstart av arbeidet med kommuneplanen (2020-2032) for Voss herad i januar 2018. Fellesnemnda for kommunane Voss og Granvin har fram til utlegging til offentleg ettersyn leia arbeidet med ny kommuneplan.

Planprogrammet for kommuneplanen (samfunnsdelen og arealdelen) vart vedteke av fellesnemnda 7.mars 2018. I oppstartsvedtaket vart det opna for å koma med innspel til arealdelen med frist 6.april 2018. Fellesnemnda utvida seinare denne fristen til 7.mai 2018. I denne perioden vart det halde «open dag» i både Voss og Granvin.

Det kom inn om lag 200 innspel til kommuneplanen – både generelle innspel og konkrete innspel til nye arealføremål eller nye omsynssoner. For ny arealbruk er det gjennomført ei overordna verdi- og konsekvensvurdering, og ei ROS-analyse, som begge er omtala i planprogrammet.

I september 2019 vedtok fellesnemnda å leggja kommuneplanen ut til offentleg ettersyn, med høyringsfrist 20. desember. Det vart gjennomført fire opne møter i samband med høyringa. I løpet av høyringsperioden har det kome 61 innspel.

I etterkant av offentleg ettersyn er planforslaget revidert, og vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn i juni 2020.

1.2 Mål for planen

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit

sterkt regionsenter med levande bygder

Vidare har samfunnsdelen trekt opp tre strategiar for den nye kommunen;

«attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar»
«innovative Voss – med røter og vengjer»
«inkluderande Voss – bygd for alle»

For kvart satsingsområde er det definert mål og delmål som skal bidra til å nå satsingsområda. Dette er nærare omtalt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen sin arealdel skal bidra til å nå dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Sentralt står prinsipp om berekraft og FN sine berekraftsmål. Kommuneplanen sin arealdel skal byggja vidare på dei tre dimensjonane som krevst i ei berekraftig utvikling: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

Sosial berekraft sikrast ved at innbyggjarane opplever tilhøyrsle til nærmiljøa og lokalsamfunnet, gjennom sosiale nettverk og bruer mellom dei, som bidreg til ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik. Små forskjellar byggjer fellesskap og kan bidra til høg tillit innad i samfunnet. Tillit gjer det enklare å samhandla på dei fleste områder. Det handlar òg om å skapa gode, helsefremjande omgivnader for menneske å opphalda seg i.

Økonomisk berekraft handlar om at næringslivet må ha gode rammevilkår for at det skal kunne utviklast nye næringar og at noverande næringar kan veksa. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogeleg er i jobb og kan ta del i arbeidslivet. Menneskelege ressursar i lokalsamfunnet må sleppa til og få handlingsrom til å utvikla evner, kunnskap og kompetanse. Samtidig er det avgjerande at dei som kan og vil får høve til å yta med ressursane sine i lokalsamfunnet. Tenestene til kommunen må også vera økonomisk berekraftige. Det betyr at innbyggjarane i større grad må ta ansvar for å meistra eige liv.

Miljømessig berekraft krev at me gjer nokre grep slik at miljøet rundt oss kan bestå til glede for dei som kjem etter oss. For å skapa miljømessig berekraft må me redusera klimagassutslepp, tilpassa oss endringar i klimaet, reisa annleis, nytta areala våre på ein betre måte og verna om naturressursane.

Miljømessig berekraft er spesielt viktig for arealdelen av kommuneplanen. Arealplanen må difor ha ei tilnærming til ny arealbruk som er basert på naturen sine premissar. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruket og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutsleppsamfunnet må ein leggja stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordna arealbruken og transportsystemet.

1.3 Folketalsutvikling og bustadutvikling

Folketalet i Voss herad er på 15 678 innbyggjarar per 2. kvartal 2019, og er forventa å auka til 16 470 i 2030, og opp til 17 100 innbyggjarar i 2040.

Bustadutvikling heng saman med folketalsutvikling. Når folketalet veks vil behovet for bustader auka. Om lag 70 % av bustadmassen i Voss herad er einebustader og våningshus. Hushaldsframskrivinga til SSB 2020-2031 viser at det er klar overvekt av hushalda; «åleinebuande» og «par utan heimebuande barn» i planperioden. Desse to kategoriane utgjer om lag 62 % av alle hushald. Behovet for mindre bu-einingar vil vera aukande i framtida, sjølv om det er klar overvekt av einebustader i dag. I bustadplanlegginga er det også viktig å fanga opp dei som har utfordringar på bustadmarknaden.

I perioden 2006 til 2018 vart det oppført 859 nye bustader i Voss herad. Til samanlikning auka folketalet med 700 personar i same periode.

Folkevekst og bustadutvikling: Det nye heradet vil få om lag 800 fleire innbyggjarar ved utgangen av planperioden (SSB middels vekst 2018-31). Folketalet i Voss sentrum veks, og bustadutviklinga bør i sterkast grad skje i Voss sentrum. I tillegg bør bustadutviklinga primært koma i lokalsentra og nærsentra. Det vert også opna for vedlikehaldsvekst i grendene, i form av einskildtomter.

2. VIKTIGE FØRINGAR FOR UTVIKLING

2.1 Nasjonale forventningar og overordna føringar

I tråd med plan- og bygningslova § 11-1 skal kommuneplanen ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Sjølv om heradsstyret har vedtaksmynde i arealplansaker, er den lokale arealforvaltninga i sterk grad styrt av nasjonale- og regionale føringar gjennom lovar og retningsliner.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunalt og kommunalt arbeid med planstrategiar og planar, og skal leggast til grunn for statlege myndigheiter sin medverknad i planlegginga. Nye forventningar for 2019 – 2023 vart vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, også i Norge. Dette skal mellom anna sikra sosial rettferd og god helse, og stansa tap av natur og klimaendringar. Det er derfor viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegging.

Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Statlege planretningsliner

Statlege planretningsliner vert brukt for å konkretisera dei nasjonale forventingane til planlegginga og markera politikk på viktige område i planlegginga. Retningslinene skal leggjast til grunn for kommunal planlegging.

- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 2018
- Rikspolitiske retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging(T-1442/2016)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2014
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011)
- Rikspolitiske retningslinjer for (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga 1995
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag 1994

2.2 Regionale planar

Regionale planar gir viktige føringar til kommunalt planarbeid. Nokre av dei viktigaste er:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 - 2026
- Regional plan for folkehelse 2014 – 2025
- Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020
- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

2.3 Arealstrategi og viktige tema

Arealstrategi

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det trekt opp ein ny arealstrategi som er retningsgjevande for arealbruken i den nye kommunen. Ny arealstrategi var oppe som eigen sak i fellesnemnda sak 11/18, og er slik:

HOVUDMÅL:

Voss herad ynskjer ein arealbruk som er berekraftig, og i tråd med ei føreseieleg utvikling.

Busetting/bustader

Viktige prinsipp som kommunen må fylgja:

- I samband med lokal- og nærsentra bør bustadareal lokaliserast i nær tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur, handelstilbod, skule, barnehage og andre offentlege tilbod. Busetnaden skal planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- I Voss herad ønskjer me levande grender. Det er ønskjeleg med bustadbygging i heile kommunen. Bustadareal bør lokaliserast i nær tilknyting til eksisterande busetnad og infrastruktur.

Fritidsbustader

- Fritidsbustader bør lokaliserast i nær tilknyting til eksisterande område med fritidsbustader, der det kan opnast for større utnytting.
- Voss herad ynskjer ikkje ei hyttebygging som byggjer ned nye område med naturkvalitetar.
- Etablert infrastruktur vert vektlagt som eit viktig element ved framtidig hyttebygging.

Næringsutvikling

- Voss herad vil ha rett næring på rett stad.
- Næringsareal bør vera knytt til eksisterande vegnett og kollektivtransport.
- Voss herad vil styrkja handelen i Voss sentrum, og leggja til rette for ei utvikling som styrkjer regionsenteret.
- Voss herad ynskjer levande lokalsentra og nærsentra. Sentra bør ha eit tilbod, som er naturleg for eit lokalsenter og nærsenter.

Offentlege og allmenne føremål

- Offentlege og allmenne føremål bør primært lokaliserast i Voss sentrum for å dyrka fram berekraftige og urbane kvalitetar.
- Offentlege og allmenne føremål som vert lagt utanom sentrum skal leggast til lokalsentra eller nærsentra.

Viktige tema

Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar ut sentrale tema for den nye kommunen. Desse er: *Folkehelse, det grøne skiftet, innovasjon og utvikling, folkevekst og utvikling, sentrumsutvikling og senterstruktur, kommunale tenester og samfunnstryggleik. Vidare trekker den opp dei strategiane for den nye kommunen*; **ATTRAKTIVE VOSS, INNOVATIVE VOSS OG INKLUDERANDE VOSS.**

Folkehelse: Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betra og fremja innbyggjarane si helse. Dette kan skje ved å redusera faktorar som fører til dårlegare helse, eller ved å styrka faktorar som fører til betre helse. «Helse i alt me gjer» er sentralt i arbeidet med folkehelsa.

Det grøne skiftet: Voss herad vil satsa på det grøne skiftet. EUs 2030 mål er å bidra til utsleppskutt av klimagassar på 40%. Noreg har forplikta seg på dette målet. Det vil innebera endra føresetnader for utviklinga i Voss herad: Overgang til meir miljøvenleg transport, redusert biltransport, tilrettelegging for grøn innovasjon, redusert energibruk og omlegging til fornybare energikjelder.

Innovasjon og utvikling: Voss skal utviklast som eit attraktivt regionsenter. Voss tek mål av seg til å vera ein motor for utviklinga i indre deler av fylket Attraktive Voss må stå for nyskaping og kreativitet, i tillegg til å sikra eksisterande verksemder.

Folkevekst og bustadutvikling: Det nye heradet vil få om lag 800 fleire innbyggjarar ved utgangen av planperioden (SSB middels vekst 2018-31). Folketalet i Voss sentrum veks, og bustadutviklinga bør i sterkast grad skje i Voss sentrum. I tillegg bør bustadutviklinga koma i lokalsentra og nærsentra. Det vert også opna for vedlikehaldsvekst i grendene.

Sentrumsutvikling og senterstruktur: Eit viktig steg vidare i ei berekraftig utvikling er at Voss herad må stå fram som ein attraktiv kommune – ikkje berre gjennom regionsenteret Vossevangen, men også gjennom lokal- og nærsentra. Det er difor sett ei indre og ytre sentrumsavgrensing for regionsenteret, og sentrum i lokal- og nærsentra er avgrensa. Granvin herad har i denne samanheng hatt den største omveltinga, frå kommunesenter til lokalsenter. Det er knytt føresegner og retningsliner til utvikling av senterstrukturen. Desse byggjer på «Regional plan for attraktive senter».

Kommunale tenester: Heradet sine tenester er sentrale for innbyggjarane, frå vogge til grav. Gjennom god brukarinnsikt skal ein tilby ei effektiv og kvalitativ tenesteyting. Voss herad må stå fram som ein tillitsskapande organisasjon, med høg måloppnåing. Vidare må organisasjonen vera innovativ og endringsdyktig med høgt meistringsklima, og kultur for kontinuerleg forbetring.

Samfunnstryggleik og beredskap: Voss herad må leggja til grunn eit «føre var» prinsipp for samfunnstryggleik og beredskap. Gjennom ROS-analysar kan ein avdekka risiko og farar på alle nivå og for alle tenester i kommunen. Kommunen må ha ein god organisasjon for handtering av samfunnstryggleiken.

2.4 Sterkt regionssenter – attraktive senter – levande bygder

Sterkt regionsenter

Eit sentralt tema i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vore «sentrumsutvikling og senterstruktur». Det er viktig å definera og utvikla ein senterstruktur i Voss herad. Lokalsentra og nærsentra er avgrensa i kommuneplankartet med *sentrumsføremål* eller føremål *bygningar og anlegg*. Ny områdereguleringsplan for Vossevangen avgrensar den indre sentrumssona. Den ytre sentrumsavgrensinga for Vossevangen som vart fastsett i kommuneplan for Voss kommune 2015-2026 er vidareført.



Illustrasjon som viser indre sentrumsavgrensing som er omfatta av områdereguleringsplan for Vossevangen, og ytre sentrumsavgrensing vidareført frå kommuneplanen 2015-2026.

Hovudmålet i kommuneplanen er **«Sterkt regionsenter – levande bygder».** Voss herad har som mål at Vossevangen skal vera eit sterkt regionsenter med urbane kvalitetar. Parallelt med kommuneplan-arbeidet har det vore eit eige prosjekt med områdereguleringsplan for Vossevangen. Målet med dette arbeidet har vore å bevara «historiske Vangen», og opna for område som kan utviklast. På Vossevangen har det skjedd ei stor utvikling dei siste åra, ikkje minst rundt kollektivknutepunktet. Voss stasjon er oppgradert, ny Gondol og nytt hotell er ferdig bygd og tatt i bruk. I tillegg skal knutepunktet styrkast gjennom eit nytt kontorbygg der ein skal samla ei rad offentlege tenester. Alle desse tiltaka er med å styrka Vossevangen som regionsenter.

Voss herad er ein stor kommune i areal, og har mange sterke og levande bygder. Det er difor viktig å framheva lokal- og nærsenter i tillegg til regionsenteret. Målet med ein senterstruktur er å samla tenestetilboda til innbyggjarane best mogleg, samstundes som ein legg føringar kvar handelen skal utvikla seg. Ved å samla funksjonar og service har kommunen ein god arealstrategi, som etterlever målet om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Ein senterstruktur er hierarkisk oppbygd og tenestenivået er større jo høgare ein er i hierarkiet.

Levande bygder

Voss herad har mange grender som ligg utanfor sentra. Arealstrategien går ut på å tilretteleggja for nye bustadområde i eller tett på senterstrukturen. Vidare skal om lag 70% av framtidig vekst knytast til regionsenteret og 30% til lokal- og nærsentra. Samtidig ynskjer heradet å oppretthalda busetnaden i bygdene. Utanfor senterområda ynskjer ein difor å opne opp for einskildtomter, for å sikra vedlikehaldsvekst og livskraftige grender også i framtida. Etterspurnad etter slike «strøtomter» vil i all hovudsak vera frå personar som har røter i dei ulike grendene, og har eit ynskje om å koma tilbake og bidra til å vidareføra gode lokalmiljø. Voss herad er positiv til ein slik vedlikehaldsvekst, og har utarbeidd føringar for handsaming av slikte saker, jf. kap. 9.2 i føresegnene. Det er eit krav at

viktige nasjonale føringar knytt til jordvern, vassdrag, kulturminne m.m. skal ivaretakast. Det skal leggjast vekt på landbruksfaglege omsyn. Det vil også vera avgjerande at nye bustader vert kopla på eksisterande busetnad og infrastruktur.

Det er i dag ein god reserve med areal avsett til bustader fleire stader i kommunen, også utanom senterstrukturen. Areal til spreidd busetnad som ligg i eksisterande planar i Voss og Granvin er vidareført. Saman med moglegheiter for einskildtomter, tilseier dette at ein vil kunna ha levande grender også i framtida.

Lokal- og nærsentra

Skulestadmoen og Palmafossen er frå tidlegare definert som lokalsenter. Granvin er definert som eit nytt lokalsenter etter kommunesamanslåinga. Bolstad, Evanger, Bjørgum, Vinje og Myrkdalen er definert som nærsenter.

Lokal- og nærsentra har forskjellig karakter, og ulike føresetnader for vidare utvikling. Ein sterk og tydeleg senterstruktur som gir rom for utvikling, vil vera positivt for dei ulike delane av heradet. Det vil også vera ein styrke for lokale service- og tenestetilbod at hovudtyngda av ny busetnad stør opp om lokal- og nærsentra.

Vekst og utvikling for å styrke lokal-, nærsentra og dei ulike grendelaga i Voss herad er eit viktig tema. Karakter, innhald og funksjonar i dei ulike sentra må studerast nærare, for å få fram ein endå tydlegare senterstruktur som legg til rette for ei ynskjeleg utvikling. I samband med kommunesamanslåinga er det oppretta grendautval som bør vera sentrale i det vidare arbeidet med utvikling av lokal- og nærsentra.

2.5 Strategi for bustadutvikling

Eit anna hovudtema i arbeidet med kommuneplanen har vore «Folkevekst og bustadutvikling». Det har vore gjennomført ein bustadanalyse. Målet med bustadanalysen er å ha kunnskapsgrunnlag for å forma ein bustadstrategi i kommuneplanperioden. Difor har det vore viktig å få ein debatt om kvar denne veksten bør koma – og gjennom arealplanen vera med å styra dette gjennom tilrettelegging av areal. Sjølv om tala for folkevekst er tona ned – både for landet – fylket og Voss herad, ynskjer Voss herad å legga til rette for tilflytting til kommunen.

I perioden 2006 til 2018 vaks folketalet med 700 personar i Voss herad. I denne perioden var den årlege folkeveksten (gjennomsnitt) på 0,4%. Tilsvarande for Hordaland fylke var på 1,2%. I same periode vart det bygt 859 bueiningar i Voss herad. Meir enn 70% var einebustader. Resten er mindre bueiningar som leilegheiter i blokk eller rekkehus. Bustadanalysen viser at om lag 62% av hushalda i Voss herad består av par utan barn og åleinebuande. Denne prosentdelen er aukande i kommuneplanplanperioden. Dersom ein tek utgangspunkt i den såkalla «trendflyttemodellen» for perioden 2006-2018 kan ein sei noko om forventa folketalsutvikling i Voss herad. Ein stor del av veksten vil koma i Voss sentrum, og det er realistisk å tru at opp mot 70% av bustadbehovet i kommuneplanperioden vil vera i sentrum. Dersom ein tek utganspunkt i 1000 bu-einingar den neste 12-års perioden vil fylgjeleg inntil 700 bueiningar koma i Voss sentrum. Inntil 300 bør i hovudsak fordela seg på lokal og nærsentra, og ein liten del av desse igjen kan vera einskildtomter i grendene. Bustadanalysen viser at det er eit større potensiale for fortetting, transformasjon og nye husvære i Voss sentrum.

For Granvin sin del vil det vera behov for areal til 24 nye bustader, om ein legg til grunn eit gjennomsnitt på 2 pr. år i planperioden. I dag er det nok bustadareal i Granvin til å dekka behovet i

planperioden. Eit av felta i senteromlandet (Øvre Skirelva) må undersøkjast nærare med tanke på flaumsikring før det kan byggjast ut. I tillegg har Granvin har også ein reserve med areal til spreidd bustadbygging. For områda Vinje, Myrkdalen og Oppheim, vil behovet for bustader vera om lag det same som i Granvin. Det er i dag ledige tomter i felt og gjennom spreidd bustadareal som dekker dette behovet. For Bolstad og Evanger er behovet for bustadareal mindre, og det er tilstrekkeleg tilgang på ledig bustadareal.

For Palmafossen, Skulestadmoen og Bjørgum er det ein større reserve med bustadareal. Mellom anna har Rene-feltet kapasitet på ca. 130 bu-einingar. Tilsvarande er det i Bjørgum-område ledig bustadareal som kan tilsvara areal til 150 bustader. Skulestadmoen er det senterområdet som har minst tilgang på ledig bustadareal.

Voss herad sin strategi for bustadutviklinga:
Viss ein ser føre seg at det vert bygd om lag 1000 bu-einingar i kommuneplanperioden (12 år) - og 70% (700 bueiningar) kjem i Voss sentrum – vil dei resterande 300 bueiningane fordela seg på resten av kommunen.

2.6 Strategi for handel

I arbeidet med å skapa attraktive senter er handel eit sentralt aspekt. Asplan Viak har gjennomført ein handelsanalyse som kunnskapsgrunnlag for områdeplanen for Vossevangen. Denne er relevant for kommuneplanen sitt arbeid med temaet «Sentrumsutvikling og senterstruktur». Sentra er viktige fordi det skjer handel der, og det er ulike former for service og tenester som vert ytt til innbyggarane.

Handel består av ei rekkje vareslag. Dei ulike vareslaga kan delast inn i varegrupper. *Daglegvarer* er ei undergruppe av detaljvarer. Her inngår m.a. alle dei store daglegvarekjedene som REMA 1000, Coop, Kiwi, osv. *Utvalsvarer* er ei anna undergruppe av detaljvarer som omfattar spesialiserte varer som kan kjøpast i butikk. Døme på dette kan vera; sko, klede, sport, gåver, apotekvarer, bøker, vinmonopolvarer, møblar, innreiing, elektro, jernvare, fargehandel osv. Dette er typiske butikkar i by- og tettstadsentra og i kjøpesenter.

Det er store skilnader på korleis marknaden fungerer i høve desse varegruppene. Daglegvarekundane har høg reisemotstand og handlar som regel slike varer nær bustaden, eller på veg mellom jobb og bustad. Daglegvarebutikkane har nokolunde likt utval og pris, slik at kundane ikkje er villige til å reisa særleg mykje ekstra for å handla her. Dette gjer at daglegvarebutikkane ligg spreidd, og ofte i nærleiken av bustadkonsentrasjonar.

For utvalsvarer er situasjonen ein heilt anna. Her er butikkane vanlegvis samlokalisert, anten i eit kjøpesenter eller i ein by/tettstad. Jo fleire butikkar som er samla i eit område (fortrinnsvis i gangavstand) jo meir attraktivt er det for kunden å reise dit. Kundane har ofte ikkje bestemt seg på førehand kva ein skal ha, og nyt godt av å ha eit bredt utval å velje mellom. Dette gjeld både om det er fleire butikkar av same varetype eller av fleire butikkar av ulike varetypar.

Når det gjeld *plasskrevjande varer* har som regel kundane allereie teke eit val om å handle akkurat dette vareutvalet. Handelen kan vere i kombinasjon med andre ærend, men ikkje alltid. Denne type butikkar krev relativt store areal både til sjølve verksemda og til parkering, og ligg difor vanlegvis lokalisert utanfor sentrum. Plasskrevjande varer finn ein innanfor Vestland fylkeskommune si varegruppe **«**Unntaksvarer/Føresegn» Her finn ein mellom anna trelastvarebutikkane og butikkar som sel bilar og båtar. Og innanfor varegruppa «Utvalsvarer/Unntaksvarer» er det butikkar med ein del plasskrevjande varer, til dømes Biltema og Plantasjen.

Voss herad sin strategi for handel:
Målet om eit sterkt regionsenter legg føringar for ein overordna handelsstrategi. Med utgangspunkt i handelsanalysen er det viktig at ein ikkje opnar for tiltak som svekker regionsenteret med omsyn til handel. Det må heller ikkje verta slik at Skulestadmoen og Palmafossen, som ligg i randsona til Vossevangen (som i dag har daglegvarer med utvalsvarer), konkurrerer ut regionsenteret i kampen om denne typen handel. I framtida må ein satsa på etablering av detaljhandel med utvalsvarer innanfor regionsenteret sine grenser. Type handel som det vert opna for i Skulestadmoen og i Palmafossen er derfor avgrensa samanlikna med tidlegare, jf. kap. 5.3 i føresegnene. I områdeplanen for Vossevangen er det også opna for visse typar «plasskrevjande varer» i området ved Amfi. Dette vil vera i tråd med hovudmålet i kommuneplanen – og det vil byggja opp under ynskje om eit meir urbant sentrum. Det er viktig at sentra har sin hierarkiske plass i senterstrukturen – og at handelen byggjer opp under og styrkjer dette hierarkiet. Det er noko som vil koma heile Voss herad til gode.

2.7 Flaumprosjekt og ny veg/bane

Ny veg og bane - K5
Realisering av konseptvalutgreiinga Voss - Arna (KVU 2014) med K5 vil bety mykje for framtidig utvikling i Voss herad. Ei realisering av K5-alternativet vil bety reisetid på ca. 40 min. med tog og i overkant av ein time med bil til Bergen, dvs. ein stor reduksjon i reisetid mellom Voss og Bergen. Ein slik reisetidsgevinst vil opne for ein større bu- og arbeidsregion og potensiale for større folkevekst.

Prosjekt om flaumsikring
Ein annan viktig premiss for den vidare utviklinga på Voss, er pågåande arbeid med vurdering av flaumsikringstiltak i Vossavassdraget. Endelege konklusjonar frå arbeidet ligg framleis ikkje føre.

3 SAMFUNNSUTVIKLING OG NÆRINGSLIV

3.1 Næringsliv, innovasjon og utvikling

Voss har eit allsidig næringsliv som omfattar offentleg/ privat tenesteyting, varehandel, reiseliv, landbruk, bygg og anlegg og industri. Landbruket utgjer ein viktig basis med matproduksjon, forvaltning av kulturlandskap, kulturarv og tradisjonar. Voss herad har etter samanslåinga med del av Ullensvang og Granvin, fått tilført fjordlandskap som opnar for nye type næringar. I sjøområda er det avsett areal til skjeldyrking og til låsettingsplassar for fiske. Det er ikkje opna for oppdrettsanlegg for fisk.

Med si sentrale plassering i det vestnorske fjord- og fjellandskapet har Voss potensiale til stor vekst innan reiseliv. Dei seinare åra har det også vore ei stor utvikling, som til dømes etablering av ny reiselivsdestinasjon i Myrkdalen, ny gondol og nytt hotell i sentrum. I tillegg til tradisjonar, kultur og landskap, utgjer også ekstremsportsmiljøet ein viktig del av identiteten for Voss som reiselivsdestinasjon.

Voss skal vera ein motor for utviklinga i indre deler av fylket. Det skal vera fokus på nyskaping og kreativitet, i tillegg til å sikra eksisterande verksemder. Som regionsenter er det viktig med både private og offentlege tenester, handel, utdanningstilbod og kompetansearbeidsplassar som dekkjer eit større geografiske område. Heradet skal fylgja opp med gode og effektive tenester, og er ein viktig aktør gjennom planavklaringar og tilrettelegging av infrastruktur.

I denne samanheng er kommuneplanen viktig, og skal sørgje for tilgang på areal for utvikling. Arealbruken skal vera berekraftig og sikra ei forvaltning som gir gode rammevilkår for framtidige generasjonar. Satsing på det grøne skiftet vil innebera endra føresetnader for utviklinga i Voss herad; overgang til meir miljøvenleg transport, redusert biltransport i sentrumsområda, tilrettelegging for grøn innovasjon, redusert energibruk og omlegging til fornybare energikjelder.

3.2 Tunnelmassar og framtidig arealbruk

Realisering av K5 og parallell utbygging av jernbane og E16 mellom Arna og Voss, vil føra til store mengder tunnelmassar. Det er eit klart mål at massane bør nyttast til samfunnsnyttige formål.

I planstrategien for Voss kommune 2017-2020, vart det lagt opp til å utarbeide ein «samla plan» på kvar ein kan ta imot desse massane på ein samfunnsnyttig måte. Siktemålet er at dette arbeidet skal kunne danne grunnlag for å utarbeida påfølgande reguleringsplanar for dei områda der det vil vera aktuelt å ta imot slike massar. K5-løysinga viser togstasjonar i dagen ved Bolstad og ved Voss sentrum. I tillegg viser utgreiinga tunnelutslag ved Seimsvatnet og ved Evanger. Både utifrå økonomiske og miljømessige forhold er det ynskjeleg med kortast mogleg transport av tunnelmassane.

Ved ei planlagt utbygging mellom Arna og Voss er det forventa tunnelmassar på omlag 20 mill. m^3. Det er berekna at 6-9 mill. m^3 av desse massane vil kome i Voss herad. I tillegg kan det kome ytterlegare tunnelmassar ved gjennomføring av flaumsikring i Vossavassdraget.

Utifrå ynskje om kort transportavstand av tunnelmassane, best mogleg samfunnsverdi og planlagt senterstruktur i Voss herad er det sett nærare på 4 område for mottak av tunnelmassar, to område på Bolstad, eit på Evanger og eit i Vangsvatnet. Desse områda er i denne kommuneplanen berre vist som temakart som ligg vedlagt. Områda ligg i tilknyting til senterstrukturen og vil i framtida kunne nyttast til bustadbygging m.m.

Dei vurderte områda for massedeponering ligg delvis i Vossavassdraget. Det aller meste av strandlina i dei aktuelle områda både ved Evanger og ut mot Kvåle, er tidlegare utfylt med lausmassar. Strandlina står derfor ikkje fram som naturleg eller intakt i dag. Ved Bolstad er det i hovudsak dyrka mark ned til fjorden, slik at det heller ikkje her ei i naturleg eller funksjonell strandline i dag.

Det er i gang planarbeid for å kunne sikra Vossavassdraget mot nye storflaumar. Å innsnevra vassdraget med utfylling av nye massar vil derfor i utgangspunktet vera uheldig. Men konsekvensane ved ei utfylling må vegast opp mot kva samfunnsmessig nytte ei utfylling kan gje. Ved ei utfylling på 1000m x 100m med høgde 20m på areal ut mot Kvåle, vil det kunne plasserast ca.2 mil.m^3. Det er gjennomført ei utgreiing (Walløe, Multiconsult 2017) som viser at flaumvasstanden ved flaumen i 2014 hadde blitt ca. 2 cm høgare ved ei slik utfylling. Dette viser at flaumkapasiteten berre i liten grad vil verta påverka av dei skisserte utfyllingane.

Temakarta er skisser og eit utgangspunkt for vidare utgreiingar i framtida. Utfylling i vassdraget må også vurderast opp mot dei biologiske påverknadane ei slik utfylling vil kunne medføra. Omsynet til laksestamma vil her stå sentralt.

4 MINERALRESSURAR

4.1 Lausmasser

Voss herad har store mineralressursar i form av grus/sandressursar og naturstein/skifer. I tidlegare Voss kommune er det totalt registrert 29 millionar m^3 sand og grus fordelt på 33 førekomstar. Førekomstane har gjennomgåande eit høgt innhald av svake bergartskorn, noko som gjer massane mindre egna til bruk til vegformål. Innhaldet av glimmer i sandfraksjonen er generelt høgt, og det kan være uheldig ved bruk til betong. Totalt kan ca.10 millionar m^3 sand og grus likevel nyttast til veg- og betongføremål. Mengdene tilseier at Voss kommune kan ha tilgang på denne type byggeråstoff i mange hundre år framover. Mykje av dette ligg på Bømoen, og vil vera avhengig av at ressursane er tilgjengelige for utnytting i framtida.

Grusressursane på Bømoen er klassifisert som regionalt viktig, og ny arealbruk er gitt særskilde føringar i kommuneplankartet for å ivareta denne ressursen.

Det er registrert 9 grusførekomstar i tidlegare Granvin herad, dei 2 største ved Kvanndal og i område Spildo –Seim. Kvaliteten er for det meste dårleg med høgt innhald av svake bergartar. Granvin er derfor avhengig av import av grus.

NGU sitt kart over lausmassar viser 3 lokalitetar på Oksenhalvøya. Byre ytst i Granvinsfjorden er veglaust og eit viktig naturområde og er derfor mindre aktuelt for uttak. På Slåttenes er eit mogleg uttaksområde for pukk (granitt). Det er likevel fleire kulturminne innanfor avgrensinga. På Stolpaneset er eit mogleg uttaksområde for pukk (granitt). Deler av området er vist som framtidig byggjeområde.

4.2 Naturstein / skifer

Tidlegare vart det teke ut store mengder skifer i ulike brot i Voss kommune. I dag er ressursen avgrensa og aktiviteten gradvis redusert. Det er i dag berre uttak ved Graue, Mønsberget og Norheim. I Granvin er det område for uttak av steinmassar ved Nesbø og Moe

4.3 Mellomlager og massebehov

Det er ynskjeleg å få etablert eit mottak for ulike stein- og jordmassar i Voss herad. Eit slikt mellomlager vil medføra at desse ressursane kan nyttast når det oppstår behov for kortreiste massar. I dag vert Istad industriområde nytta til mellomlager, men på sikt vil det truleg vera behov for eit nytt område for slik bruk.

På Istad industriområde ligg det i dag 15 - 20.000 m^3 tunnelmasse frå utsprenging av Granvinstunnelen.

Ved utsprenging av ny tunnel på E16 frå Haugsvik til Nærøydalen (prosjektet ligg inne i siste periode av NTP) er det forventa 800.000m^3massar. Gjennom reguleringsplanen for veganlegget er det sikra areal til lokal mellomlagring.

På lengre sikt vil det bli tilgjengeleg store massar frå utbygging av bane og veg mellom Arna og Voss. I storleik er det forventa ca. 6-9 mill. m^3 tunnelmassar. Tilsvarande vil det ved flaumsikring av Vossavassdraget bli tilgjengeleg store volum med tunnelmassar, anslagsvis 4 mill. m^3. Dette inneber at det truleg vil bli eit stort masseoverskot i Voss herad på litt sikt.

5 NATUR, KULTURMINNE, FRILUFTLIV OG FOLKEHELSE

5.1 Naturforvaltning og biologisk mangfald

Voss herad er rik på natur, kulturminne, kultur- og fjordlandskap, og har mange attraksjonar både i regional og nasjonal samanheng. Dette gjev grunnlag for rike og allsidige opplevingar. Det er derfor viktig at ein er merksam på desse verdiane, og at ein forvaltar dei på ein berekraftig måte, slik at dei også i framtida kan vera ein ressurs for fastbuande og tilreisande.

Fleire område er verna etter naturmangfaldslova (tidlegare naturvernlova). Dette er:

- Naturreservat; Joberget, Granvindeltaet, Folkedal, Uranes, Kvanndal, Åkre og Vikane, Håmyrane, Lønaøyane, Rekvesøyane, Grånosmyrane og Fadnesskaret
- Landskapsvernområde; Stølsheimen og Nærøyfjorden

I tillegg er deler av Myrkdalsdeltaet og våtmarksområda i Lundarosen og Melsvatnet lagt inn med omsynssone naturverdiar i kommuneplankartet.

Biologisk mangfald er variasjonsbreidda av artar, genar og dei ulike naturtypane artane er avhengige av. Naturmangfaldslova gjev rammer for vern og bruk av det biologiske mangfaldet. Tidlegare Voss kommune har gjennomført kartlegging av biologisk mangfald, både i høve til naturtypar og ein del trua artar. Det er tidlegare utarbeidd viltkart og kommunale handlingsplanar for forvaltning av vilt- og innlandsfiske ressursane. Tilsvarande er gjennomført i Granvin.

Laksestamma i Vossavassdraget har internasjonal verneverdi, men har vore i kraftig tilbakegang sidan slutten av 1980-talet. Ei storstila redningsaksjon for å berga laksestamma har betra situasjonen, men det er framleis viktig å ha ein beredskap i høve til utviklinga dei komande åra. Vossavassdraget har også status som nasjonalt laksevassdrag.

Villreinen er rekna som ein norsk ansvarsart. Voss herad har derfor eit særskild ansvar for forvaltning av fjellområda som utgjer leveområde for villrein. Ulike arealinngrep som vegar, vassdragsreguleringar og hyttebygging har medverka til å splitte opp villreinen sine leveområde. Sikring av leveområda er derfor viktig for å kunne ta vare på villreinen sin sentrale plass i norsk fjellfauna.

I 2016 vart Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde[1] vedteke i kommunane Aurland, Høyanger, Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Vik i tillegg til Voss. Kommunedelplanen skal vera det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma og skal vera styrande for den framtidige arealbruken i området.

Dei siste 10-åra har område med inngrepsfri natur[2] vorte kraftig redusert. For å fylgja opp berekraftsmåla i kommuneplanen, må dette få større fokus framover.

Verna og inngrepsfrie område, område med spesielle naturkvalitetar og større viktige viltområde som villreinen sine leveområde, er vist som omsynsonar med naturverdi i plankartet. Det er utarbeida retningsliner for desse områda, jf. kap. 11.4 i føresegnene.

[1] https://www.masfjorden.kommune.no/siteassets/innhald/sjolvbetjening-og-innsyn/styringsdokument/villreinplan_interkommunal_16.pdf

[2] Natur utan tyngre tekniske inngrep, som vegar, kraftutbygging m.m.

5.2 Vassdrag

Vossavassdraget, oppstraums Vangsvatnet, vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan III (1986). Granvinvassdraget, utanom nedslagsfeltet til Bulko, vart verna gjennom same verneplan. Øvstedalsvassdraget og Nærøydalselvi (med unntak av Jordalselva) fekk varig vern i suppleringsplan for verna vassdrag i 2005. Både Vossavassdraget og Nærøydalselvi fekk status som nasjonale laksevassdrag i 2006.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland[3] vart vedteken av Hordaland fylkesting i 2009. Planen inneheld mellom anna fylkespolitiske retningsliner for utbygging av små vasskraftverk i fylket. Voss kommune utarbeida i 1994 plan for "Differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune". Denne gjev rammer for forvaltning av verneverdiar og brukarinteresser i vassdraga i tidlegare Voss kommunen, og vert vidareført også i neste kommuneplanperiode.

5.3 Friluftsliv og folkehelse

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. Dei seinare åra er det tilrettelagt ei rekkje friluftsområde i kommunen. Det er utarbeida eigen temaplan for friluftslivet, og gjennomført kartlegging av friluftsområder. Sti- og løypeplan for Voss herad er på høyring. Det er prioritert tilrettelegging for unge, eldre og funksjonshemma ved universell utforming, der dette er mogeleg. Turløyper i nærleiken til skular, barnehagar, bustad- og hytteområder er viktige, samstundes som lågterskeltilbod skal prioriterast. I planarbeidet for Bømoen skal ein ta omsyn til universell utforming slik at alle grupper kan nytta Bømoen som rekreasjonsområde.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betra og fremja innbyggjarane si helse. God tilgang på friluftsområde og tilrettelegging for fysisk aktivitet utgjer ein viktig faktor. Barn og unge er ein viktig gruppe i denne samanhengen, og konsekvensar for barn, unge og andre sårbare grupper skal vurderast i alle utbyggingssaker.

5.4 Kulturminne

Voss er rekna som ein kommune som er rik på faste kulturminne. Kjende fornminne er automatisk freda gjennom kulturminnelova, og er bandlagt i kommuneplankartet. Vidare er eit 30-tals nyare kulturminne vedtaksfreda etter initiativ frå riksantikvaren. Kommunen har eit forvaltingsansvar på kulturminneområdet, særleg knytt til plan og bygningslova.

Kommunedelplan for kulturminne vart vedteken i 2004. Ny kulturminneplan er under arbeid. Det er utarbeidd føresegner og retningsliner for forvaltning av kulturminne jf. kap. 4.13, 11.4 og 11.5 i føresegnene.

6 KLIMATILPASSING, RISIKO OG SÅRBARHET

6.1 Klimaendringar

Klimaendringar er ei global utfordring. Verda vert varmare som fylgje av drivhuseffekten. FNs klimapanel slår fast at det meste av globale oppvarminga er menneskeskapt. Aukande utslepp av CO_2 og andre klimagassar frå kraftproduksjon, industri, jordbruk, transport mm har bidrege til at atmosfæren sitt innhald av CO_2 er høgare enn nokon gong.

[3] https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/smakraftplan-etter-vedtak-i-md-webutgave.pdf

Mange land har slutta seg til målet om å avgrensa den globale oppvarminga til 2 grader samanlikna med førindustrielt nivå.

Det grøne skiftet er trekt fram som eit sentralt fokusområde for Voss herad. Dette er eit langsiktig prosjekt som krev systematisk oppfylging, på alle nivå, i mange år framover.

6.2 Klimatilpassing

Lokalt er konsekvensane av klimaendringane alt synlege. Det er auka sannsynlegheit for kraftig nedbør, regnflaum, jord-, flaum- og sørpeskred og stormflo i framtida. Kraftig nedbør vil medføra større krav til å handtera overflatevatn. Nedbøren vil koma hyppigare, og omfanget vil vera stort innanfor korte tidsrom. Konsekvensane er at ein må planleggje og jobba førebyggande for å hindra skadane av dette.

Voss herad har store utfordringar med flaum. I regi av NVE pågår det eit arbeid med vurdering av flaumsikringstiltak i Vossavassdraget, jf. kap. 2.7.

Overflatevatn og utslepp

I bebygde område vil handtering av overflatevatn bli stadig viktigare jf. «Overvassnorm i Voss kommune» – rettleiar ved planarbeid og utbyggingsprosjekt.

Energi og klimaplanen for Voss kommune (2018-2021) trekkjer opp strategien og tiltak for å gjennomføra tilpassingar. Transportsektoren og jordbrukssektoren er dei to sektorane som gjev størst klimagassutslepp i kommunen. Voss herad må ha som mål å fylgja opp dei nasjonale måla om utsleppsreduksjonar. Vidare må kommunen gjera tiltak for å tilpassa seg klimaendringane som er forventa.

Kommunen bør arbeida for å ha ein berekraftig energipolitikk basert på ENØK og energiforsyning frå fornybare kjelder.

I føresegnene er det lagt føringar for at ny arealbruk skal ta omsyn til klimaendringar jf. kap. 4.10 og 4.15.

6.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er gjennomført ein ROS-analyse for ny arealbruk i kommuneplanen. Kommunen sin overordna ROS-vurdering og dei vedtekne akseptkriteria for risiko er lagt til grunn. Ulike fagpersonar innan beredskap, miljøvern, helse, brann, næring/landbruk, drift, plan m.m. har vore involvert i arbeidet. ROS-analysa ligg ved som eige dokument.

7 PLANFORSLAGET – NY AREALBRUK

Det er lagt inn ny arealbruk som opnar for bustader, fritidsbustader, offentleg/privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næring, idrettsanlegg, anna bygningar og anlegg, parkering og grøntstruktur. Viktige interesser og omsyn er sikra gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner og retningsliner.

7.1 Bustader

Bustader	Namn - område	Areal - daa	Tal einingar/tiltak	Merknad
B2	Vinje, Draugvollbakkane	2,7	3 bueiningar	Plankrav
B8	Ænsmoen	0,8	1 bueining	
B9	Haugo, Storehagen	1	1 bueining	
B12	Bavallsvegen	1,6	4 bueiningar	Plankrav
B17	Møen	1,5	1 bueining	
B18	Flatekvålsvegen	1,3	1 bueining	
B19	Sivlevegen/Groavegen	12	Omfang må vurderast i forhold til kvalitet	Plankrav
B26	Hangursvegen	4,6	Omfang må vurderast i forhold til kvalitet	Plankrav
B43	Bidne, Framneslie	4	1 bueining	
B46	Granvin, Øvsthus	30	Inntil 6 bueiningar	Plankrav

Ein gjennomgang av ledig tomteareal i eksisterande kommuneplan, viser ein stor grad av reserveareal. Det er derfor i liten grad opna for nye bustadareal i kommuneplanen. Ein strategi om å knyte ny bustadutvikling til senterstrukturen er lagt til grunn for vurdering av nye bustadområde. I tillegg skal om lag 70% av bustadbygging knytast til Vossevangen som regionsenter. På bakgrunn av dette er det opna for to større fortettingsprosjekt i Hangurslia, område B19 og B26. Det er skissert rundt 60 og 15 bueiningar i dei to felta. Men i omtalen av nye tiltak jf. eige dokument, er det lagt føringar på kvalitetar som skal vurderast nærare før endeleg omfang vert bestemt.

B2, B8, B9, B18, B43 og B46 gjeld utviding av eksisterande bustadområde. I tillegg er det opna for ei ny bueining på eksisterande bustadtomt på Møen, B17, og eit mindre felt ved Bavallsvegen, B12, på inntil 4 bueiningar.

Skulestadmoen er det senterområdet med minst bustadreserve, og er ei medverkande årsak til at bustadareal ved Ænsmoen, Flatekvålsvegen og Bavallsvegen er lagt inn i planen. Alle tre ligg i gang/sykkelavstand til senterområde og skule.

7.2 Fritidsbustader

Fritidsbustader	Namn - område	Areal - daa	Tal einingar/tiltak	Merknad
F2	Flodvika,Hamlagrø	5,2	3 eksisterande	
F9	Kvitno-Bordalen	5	Inntil 5 nye tomter innanfor eksisterande planområde ved etablering av ZipLine	Plankrav
F15	Strindeskleiv, Granvin	22	Ca. 6 fritidsbustader	Plankrav
F20	Espeland	24	Ca. 6 fritidsbustader	Plankrav

Det ligg eit stort potensiale i tidlegare avsett areal for fritidsbustader i kommuneplanen, både ferdig regulert og uregulerte område. Ved denne rulleringa av kommuneplanen er ikkje nye areal for fritidsbustader prioritert.

Av dei tre nye områda som er lagt inn, er område F2 på Hamlagrø eksisterande frådelte fritidsbustader. På Kvitno, F9, er det opna for ei fortetting innanfor eksisterande hyttefelt på inntil 5 tomter, under føresetnad av at ZIP line vert etablert.

Dei to nye områda kommuneplanen opnar for ligg i tidlegare Granvin herad. Ved Espeland camping er det opna for eit mindre hytteområde ovanfor fylkesvegen, i tilknyting til eksisterande campingplass. Ved Strindeskleiv er det opna for eit nytt hyttefelt tett på eksisterande veg, og like ved skianlegget i området. Det er krav om reguleringsplan før utbygging av nye hytter.

7.3 Offentleg/privat tenesteyting

Offentleg/privat tenesteyting	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
OP1	Vinje	0,7	Ny brannstasjon	Trafikale forhold og vassdrag

Det einaste nye arealet for offentleg/privat tenesteyting som er lagt inn i kommuneplanen gjeld areal avsett til ny brannstasjon på Vinje. Dette er eit tiltak som Voss herad ynskjer å prioritere.

7.4 Fritids- og turistføremål

Fritids- og turistføremål	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
FT1	Bømoen	216	Camping, reiseliv, overnatting	Kulturminne, trafikale forhold, friluftsliv og vassdrag. Plankrav

Det er lagt inn eit stor areal til fritids- og turistføremål knytt til den gamle militærleiren på Bømoen. I samband med områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2008021[4],vart det gjort grundige vurderingar av moglegheiter for ny aktivitet i dette området. Tiltak som var foreslått i områdeplanen er no vidareført i kommuneplanen. Dette betyr moglegheiter for ny campingplass, bruk av eksisterande bygningar til overnatting og reiselivsaktivitetar, og noko supplering av nye fasilitetar. Dei verneverdige bygningane skal vidareførast, det skal takast omsyn til friluftsinteresser og nærleiken til vassdrag. Det er krav om detaljregulering før ny utbygging kan finne stad.

7.5 Råstoffutvinning

Råstoffutvinning	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
RU1	Bømoen	Ca 46	Grusuttak	Kulturminne, trafikale forhold, friluftsliv og drikkevasskjelde. Plankrav

På Bømoen er det lagt inn eitt nytt område for råstoffutvinning, i tillegg til eksisterande område i Kyrkjeteigen. Det er krav om reguleringsplan før nytt uttak kan etablerast.

7.6 Næring

Næring	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
N1	Flisram, Vossestrand	9	Oppstilling, garasje og lager for køyretøy.	Buffersone mot vassdrag og dyrka mark.
N2	Breiaset, Vossestrand	2	Nybygg – snøscooteropplæring.	Omfattar undervisningslokale, varmestove/matrom og toalettfasilitetar.
N6	Gjernes	17	Næring	Omfattar lagring av Biovirke og produksjon av flis. Plankrav
N13	Kvitno-Bordalen	30	Zip-line	Plankrav
N20	Kvåle	1	Energistasjon	Krav om moglegheitsstudie før detaljregulering.
N21	Bømoen	224	Kontor og næring	Plankrav

[4] Områdereguleringsplan for Bømoen låg ute til offentleg ettersyn i perioden 07.10.17 - 30.11.17. Planen er ikkje fremja for andre gangs handsaming.

Det er opna for 6 nye næringsareal i kommuneplanen. På delar av område N1 i Myrkdalen er det allereie gitt rammeløyve for bruk til oppstillingsplass. Kommuneplanen opnar for ei mindre utviding av denne plassen. Areal på Breiaset, N2, ligg innanfor areal som i eigen forskrift er avsett til opplæring av snøscooter[5]. Kommuneplanen opnar for å etablere eit bygg for undervisning, toalett og pauserom i samband med denne aktiviteten.

Arealet på Gjernes, N6, har vore diskutert i lengre tid. Det ligg i tilknyting til kommunalt reinseanlegg og bioenergianlegg. Det er mange kvalitetar i området knytt til m.a. furuskog, friluftsliv, vassdrag, fugleliv og landbruk. Dei trafikale tilhøva i området er ikkje tilfredsstillande, då tilkomstveg går gjennom område med skule, barnehage og bustader. Etter ei avveging av ulike interesser og omsyn, opnar planen for eit næringsareal i ein del mindre omfang enn omsøkt. Det må etablerast ny tilkomstveg som styrer trafikken unna bustad- og skuleområde. Det er krav om å utarbeide reguleringsplan der ulike omsyn skal vurderast vidare.

På eksisterande rasteplass på Kvåle, N20, er det avsett eit mindre areal for etablering av ny energistasjon. Det er viktige kulturminneinteresser i området, og i tillegg bruk av området til friluftsliv som må takast omsyn til. Arealet vert i dag nytta til både rasteplass og kvileplass for langtransport. Det er krav om å studere dei samla interessene nærare i eit moglegheitsstudie, i forkant av oppstart av reguleringsplanarbeid.

Kommuneplanen har opna for mogleg etablering av ZIP line over Bordalen. Trase er avsett i kommuneplankartet, men omfang av tiltak og konsekvensar må avklarast nærare gjennom ein reguleringsplanprosess.

Det er avsett eit større nytt næringsareal på Bømoen, til saman ca. 220 daa. Ca 40 daa av desse utgjer eksisterande næringsareal mellom dagens flyplasstripe og Flyplassvegen. Det opna for nye næringsareal rundt den gamle flyplasstripa og eksisterande verkstad- og kontorbygg. Det er opna for næringsverksemd som lager og industri, i tillegg til kontorbygg og aktivitetar knytt til bruk av flyplassen. Tiltaket har vore grundig drøfta i samband med områdeplanen for Bømoen, planid 08021. Det er krav om å utarbeide detaljreguleringsplan før det kan opnast for nye tiltak.

7.7 Idrettsanlegg

Idrettsanlegg	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
IA1	Bjørgum	10	Idrettshall/kombihall	Plankrav
IA2	Bømoen	52	Idrett/luftsport	Plankrav

Areal til luftsport nord for flystripa, IA2, er avsett i tråd med ynskje frå luftsportsinteressene. Kommuneplanen legg opp til at luftsportsinteressene skal kunna utviklast i dette området. Det er krav om reguleringsplan før etablering av nye tiltak.
Nær Bjørgum skule er det avsett eit areal for etablering av ny idrettshall/kombihall. Det må utarbeidast ein reguleringsplan før utbygging kan gjennomførast. God tilpassing til skuleområdet og gode koplingar til omgjevnadene vil vere viktige tema for planarbeidet.

[5] https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2009-11-23-1424

7.8 Anna bygningar og anlegg

Anna bygningar og anlegg	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
AB1	Oppheim	0,5	Kommunalt VA-anlegg	Gjeld Oppheim vassverk

Området omfattar eksisterande Oppheim vassverk som har vore i kommunal drift sidan 70-80-talet. Området er tatt i kommuneplanen for å sikra arealbruken av området som er i privat eige.

7.9 Parkering

Samferdsleanlegg	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
P1	Granvin kyrke	1,1	Ca 40 plassar	Plankrav
P2	Reime	0,2	5-6 nye	

Det er tatt med to nye parkeringsareal i plankartet. Det eine gjeld ei mindre utviding av eksisterande parkeringsplass på Reime, P2. Det andre gjeld ynskje om å tilretteleggja for ei betre og tryggare parkeringsløysing ved Granvin kyrkje, P1. Arealet som er avsett til parkering ligg på ein tilgrensande campingplass. Det må utarbeidast ein reguleringsplan som avklarar ulike tilhøve og trafikale løysingar før parkeringsplassen kan opparbeidast.

7.10 Grøntstruktur

Grøntstruktur	Namn - område	Areal - daa	Tiltak	Merknad
F1	Kvåle	4,3	Friområde	Må tas omsyn til i samband med planlegging av ny energistasjon.

Gjeld eksisterande friområde på Kvåle.

7.11 Omsynssoner

Dei viktigaste nye omsynssonene som er lagt inn i planforslaget omfattar:

Sikring av drikkevassressursar (OM120)	Det er avsett ei sikringssone knytt til drikkevassressursen (ca. 250 dekar) på Bømoen som prioriterer grunnvassressursen i området. Grunnvassressursen er reserve drikkevasskjelde for Voss sentrum. Tilgang til nok vatn av god kvalitet er avgjerande for at kommunen i framtida skal kunne vekse og utvikle seg.
Omsynssone vernskog (OM190)	I samband med kartlegging av skredfare på Voss, i Granvin og i Ullensvang i regi av NVE, vart det kartlagt skogareal som utgjer ein viktig faktor for skredfaren. Desse områda er vist som eigen omsynssone vernskog. Det er Fylkesmannen som gjennom eigen forskrift kan fastsette vernskog jf. Skogbrukslova. Areal som er avsett gjennom omsynssone vernskog i kommuneplankartet, er ikkje verna gjennom eigen forskrift. Areala er likevel lagt inn då kommunen ynskjer informasjon om hogst i desse områda. Hogst kan potensielt auke skredfaren på areal under, og dette er derfor viktig informasjon.
Bømoløypa - omsynssone friluftsliv (OM530)	Bømoløypa har i mange år hatt ein viktig funksjon for friluftsliv, idrett og folkehelse. I vidare planarbeidet er det derfor viktig at dette tilbodet vert teke vare på. Løypetraseen ligg som ei 30 meter brei omsynssone i plankartet. Det er utforma retningsliner som medfører at trasen kan justerast, men funksjon og kvalitet skal ikkje reduserast.

Omsynssone rundt kunstnarheimar (OM570)	I samband med oppstart av arbeidet med kulturminneplanen har det mellom anna vore fokus på kunstnarheimane. Desse er no sikra med omsynssoner og tilhøyrande retningsliner.
Sikring av grusressursar (OM590)	Bømoen består av ein regionalt viktig grusførekomst. Det er derfor lagt omsynssone mineralressursar på dei nye utbyggingsområda for næring, og fritids- og turistføremål. Dette betyr at tilhøve knytt til grusressursen skal avklarast nærare i samband med detaljregulering av områda.

I tillegg er ei rekkje omsynssoner knytt til skred, flaum, støy, naturverdiar, kulturminne m.m. vidareført. I kap. 11 i føresegnene er det gitt føringar til dei ulike omsynssonene.

8 OVERORDNA KONSEKVENSVURDERING

Føremål	Samla arealbruk - daa	Tal nye einingar	Merknad
Bustad	60	80-100	Av desse er dei fleste innanfor ytre sentrumsavgrensing på Vossevangen, berre 18 er utanfor
Fritidsbustad	56	17	Av dette omfattar 12 einingar nye hytteområde
Offentleg eller privat tenesteyting	1		Brannstasjon
Fritids- og turistføremål	216		Gjeld utvikling av område ved indre leir i Bømoen til camping og reiseliv
Råstoffutvinning	46		Grusuttak Bømoen
Næringsareal	283		Av dette utgjer 220 daa eksisterande og nytt næringsareal i Bømoen
Idrettsanlegg	62		Areal avsett til flysportsaktivitet i Bømoen og ny hall ved Bjørgum skule
Anna bygningar og anlegg	0,5		Gjeld eksisterande Oppheim vassverk
Samferdsleanlegg	1,3		Gjeld i hovudsak areal avsett for å etablere ny parkeringsløysing ved Granvin kyrkje
Grøntstruktur - friområde	4,3		Eksisterande friområde ved rasteplass Kvåle
Sum	**730 daa**		

Ved gjennomgang av forslag til ny arealbruk er det gjort ei verdi- og konsekvensvurdering. Denne ligg ved i eit eige dokument. Verdi- og konsekvensvurderinga er basert på tilgjengeleg informasjon og lokalkunnskap. Til hjelp i vurderingane er det nytta fleire kartbasar og relevant grunnlagsmateriale. Det er mellom anna nytta riksantikvaren sin database for kulturminnesøk.

Nye tiltak i kommuneplanen utgjer ein liten del av samla areal i Voss herad. Nye bustadareal er etablert i eksisterande bustadstrukturer, og ligg i tilknyting til eksisterande infrastruktur. Viktige nasjonale interesser vert ikkje berørt. Det meste av utviklinga er knytt mot Vossevangen, og byggjer opp under mål om eit sterkt regionsenter og ei miljøvenleg og kompakt utbygging. Fordelinga med 70% bustader i regionsenter og 30% bustader knytt til lokal- og nærsenter er fylgt opp gjennom ny arealbruk.

Gjennom dialog med overordna myndigheiter i etterkant av fyrste gangs offentleg ettersyn er det avslått mange mindre bustadareal og einskildtomter rundt om i heile kommunen. For å imøtekoma målsetjinga om levande grender er det i staden gjort framlegg om endringar i føresegner og retningsliner for LNF-område, jf. kap. 2.4. Krav til å ivareta viktige nasjonale føringar knytt til m.a. jordvern, vassdrag og kulturminne er tydeleggjort. Nye retningsliner omhandlar krav til dokumentasjon ved søknad om dispensasjon. Så lenge viktige interesser vert ivaretatt kan det etter

søknad opnast for einskildtomter ute i grendene, knytt til eksisterande busetnad, for å sikre vedlikehaldsvekst, sjå føresegner kap. 9.2.

Det er berre opna for to nye hytteområder av mindre omfang gjennom denne kommuneplanen. Det eine området ligg like ved ein eksisterande campingplass, det andre ligg i tilknyting til veg og skianlegg. Lokaliseringa fylgjer opp arealstrategien om å knyte ny utbygging til eksisterande infrastruktur. Ingen viktige natur- eller kulturminneverdiar vert berørt.

Dei største nye utbyggingsområda ligg på Bømoen. Bakgrunnen for at områda er lagt inn er omfattande arbeid og utreiingar som vart gjort i samband med områdereguleringsplanen for Bømoen i perioden 2014-2017. Planforslaget som vart fremja i 2017 har ikkje vore tatt opp til slutthandsaming på grunn av motsegn. Fylkesmannen ville at planen skulle avklarast i samband med neste kommuneplanrullering, og særskild tilhøva knytt til støy, grusressursar og bustadbygging . Innhaldet i områdeplanen er vurdert i samband med kommuneplanarbeidet. Ved første gangs offentleg ettersyn var det avsett areal for grusuttak og for idrettsføremål/luftssport. Flyplassareal vart vidareført. Vidare var det lagt inn omsynssone for Bømoløypa, for drikkevassressursen og for støysone rundt flyplassen.

I etterkant av første gangs offentleg ettersyn er det arbeidd vidare med arealbruk på Bømoen, då det er viktig at kommuneplanen avklarar heile det framtidige utviklingspotensiale i området. Konsekvensar av ny arealbruk er godt utgreidd i arbeidet med områdereguleringsplanen for Bømoen, og på bakgrunn av dette er også næringsareal og areal til fritids- og turistføremål lagt inn i kommuneplanen. Omfang og tiltak er i tråd med administrativ innstilling og politisk fleirtal i samband med handsaming av områdereguleringsplanen ved offentleg ettersyn[6]. Det er ikkje opna for ny bustadbygging på Bømoen på grunn av tilstrekkelege bustadreservar knytt til lokalsenteret Palmafossen.

Ny arealbruken som er lagt inn på Bømoen vil ikkje medføra vesentlege negative konsekvensar for miljø- og samfunn. Aktivering av leirområde, dei freda og verneverdige bygningane og moglegheit for ny campingplass vil vera ei ynskjeleg utvikling. Ved avklaring av ny arealbruk gjennom kommuneplanen, vert det opna for vidare detaljregulering for kvart område. Fleire omsyn må sjåast nærare på i samband med vidare regulering. Det føreligg eit grundig materiale som kan nyttast for vidare avklaringar.

Det er også avsett nokre mindre areal til næring og andre offentlege og samfunnsnyttige føremål i andre delar av kommunen.

Samla ny utbygging i kommuneplanen vil ikkje vera i strid med viktige nasjonale føringar, men vil byggje opp om Voss herad sin målsetjing om **eit sterkt regionsenter og levande bygder** innanfor rammene av ei **berekraftig utvikling**.

Til slutt er det viktig å vise til ny områdereguleringsplan for Vossevangen. Planen opnar for store utviklingsmoglegheiter i sentrumsområdet, både knytt til bustadbygging og andre føremål. Gjennom eit omfattande arbeid er mål om berekraftig utvikling og ynskje om fortetting balansert opp mot viktige interesser som kulturminnevern, vassdragsverdiar og naturverdiar. Områdeplanen er avgjerande for korleis Voss kan utvikla seg som eit sterkt regionsenter. Utviklingspotensiale ligg innanfor eksisterande utbyggingsføremål, og kjem derfor ikkje fram som ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel.

[6] Vedtak i Voss kommunestyre sak 51/17.

Ved neste rullering bør ein arbeide vidare med struktur og innhald i lokal- og nærsentra, for å finne gode grep for ynskjeleg utvikling i heile Voss herad.

9 PLANDOKUMENTA

Kommuneplanen sin arealdel består av **kommuneplankartet**, eit eige dokument med **planføresegner** og retningsliner, og ein **planomtale**. Verdi- og konsekvensvurdering med meir utfyllande **omtale av nye tiltak** og **ROS-analyse** ligg som eigne vedlegg til planomtalen.

Plankart: På grunn av Voss herad sin storleik, er dei viktigaste delane av plankartet framstilt som fleire pdf-dokument. Det er laga eitt kartblad med omsynssoner og eitt utan - for alle utsnitta. Teiknforklaringa ligg som eige dokument.

Plankartet er i tillegg tilgjengeleg som ei interaktiv løysing. Her kan målestokk regulerast og ulike kartblad kan slås av og på, slik at det går an å sjå meir detaljert på mindre område.

Temakart: Det er utarbeidd temakart for massedeponi for områda; Bolstad, Evanger og ut mot Kvåle. Desse temakarta viser moglege utfyllingsområde for massar i samband med framtidig bane/veg Arna-Voss (K5).

Ved første gangs offentleg ettersyn vart det utarbeidd temakart for lokal- og nærsentra, med senteromland. Desse er erstatta av sentrumsføremål og føremål for bygningar og anlegg avsett i kommuneplankartet. Områdeplanen for Vossevangen definerer sentrumskjerna i regionsenteret. I tillegg er regionsenteret si ytre sentrumsgrense vidareført frå kommuneplanen vedteken i 2015.

Eit eige **temakart som omhandlar differensiert forvaltning av vassdrag** i Voss kommune er også vidareført og ligg vedlagt. Dette er eit temakart som vart utarbeidd som ei oppfylging av vassdragsvernet, jf. også RPR for verna vassdrag, og første gang vedtatt i samband med kommuneplanen 1994-2006.